

Inviterer til Himlaleite-møte

Om tre månader skal Mot Himlaleite bli oppført. Arrangøren treng hjelp frå lokalebefolkninga, men saudabuen veit lite om arrangementet. No kjem informasjonen.

■ TORSTEIN HJORTH

Arrangørane av det storstilte Mot Himlaleite-prosjektet vil ha saudasamfunnet med på sjølve arrangementet. Derfor inviterer dei no til informasjonsmøte i Sauda kino neste tysdag. Der vil den lokale arrangementskomiteen, prosjektleiari Mocchi Ryen og ordførar Laura Seltveit presentere opplegget og svare på spørsmål om evenementet.

– Mange sit sikkert rundt omkring i Sauda og lurar på kva som skal skje. Mange spør nok også seg sjølv om dei kan bidra med noko. Vi har funne det nødvendig å invitere til eit folkemøte slik at alle som er usikker på kva Mot Himlaleite inneber kan få svar på spørsmåla sine, opplyser ordførar Laura Seltveit.

Krev stor innsats

Mot Himlaleite skal gå av stabelen i Djuvsbotn tidleg i mars som ein del av Stavanger 2008. Planlegginga av dei kunstnariske bitane av arrangementet går sin gang og lever sitt eige liv. Men skal arrangementet bli gjennomført slik dei kunstnariske fagfolka ser det for seg, krev det stor innsats frå lokalbefolkninga i Sauda. Den lokale arrangørkomiteen, som har ansvaret for at



NO SKAL DET INFORMERAST: Arrangørane av Mot Himlaleite, her representert ved kunstnarisk koordinator Katinka Rydin Berge (til venstre) og prosjektleiari Mocchi Ryen inviterer til informasjonsmøte. (Arkivfoto)

706 kroner til Redd Barna



Silje Løland, 9 år, Elin H. Tveit, 9,5 år, Maren Solland, 9,5 år og Magreta H. Granberg, 10 år, har halde loppemarknad på Rød og selt muffins dei sjølv har laga og fått inn kr 706 kroner som dei gir til Redd Barna. (Foto privat).

forholde rundt sjølve oppsettinga fungerer som dei skal, set derfor no inn støtet for å involvere saudabuen i arrangementet.

– I desse dagar går det ut skriv til alle husstandane i Sauda der det blir invitert til informasjonsmøtet. Vi håpar på stor oppslutning. Vi treng så mange frivillige som muleg for å greie å gjennomføre dette, seier Seltveit.

Mange er alt involvert i prosjektet. Sauda Skisenter er naturleg nok ein sentral aktør, i og med lokaliseringa av oppsettinga. Også Sauda vidaregåande skule får ei viktig rolle med å rekruttere folk til dei mange oppgavene som må bli gjort på dugnadsbasis. Ein går også ut til andre skular, idrettslag og andre organisasjonar for å trekke desse med på gjennomføringa.

Vil ha alle husstandar med

Arrangementskomiteen har som mål at alle husstandar i Sauda skal vere med og bidra på eit eller anna felt. Oppgavene er mange, mellom anna levering av mat, kjøring av bil eller snøscooter, vakthald, vere vegvisar, vere vertskap for gjester og kostymeassistentar. I ei pressemelding understrekar Ragnar Fosstveit i Sauda Ferie & Fritid viktigeita av at befolkninga i Sauda

sjølv deltek aktivt i prosessen rundt arrangeringa av Mot Himlaleite. Desse erfaringane saudasamfunnet får av dette gir stor spisskompetanse som kan bli overført til andre prosjekt i framtida. Dette poengterer også ordføraren.

– Dette er ein fantastisk mulegheit til å lære om gjennomføring av slike arrangement. Vi kan få stor nytte av denne kunnskapen ved andre høve, eller dersom vi vil sette i gang noko sjølv seinare, meiner Seltveit.

Prosjektet blir elles sett på som det største og mest utfordrande som nokon gong har funne stad i Sauda. Ragnar Fosstveit viser i pressemeldinga til mulegheita Sauda her har til å sette sitt eiga preg på arrangementet og bli lagt merke til utanfor kommunegrensene, noko som kan gi god effekt i lanseringa av Sauda som nummer ein på fritid. Ordføraren er inne på det samme.

– Dette er eit stort løft for Sauda. Det er ein unik sjanse til å sette Sauda på kartet. Det skal bli ei veldig positiv oppleving, men vi treng så mange som muleg til å slutte opp om prosjektet for å få det til, konstaterer ordførar Laura Seltveit.